

LOKAL PLAN FOR OVERGANGEN MELLOM HELLAND BARNEHAGE, TRYGGHEIM BARNEHAGE OG HELLAND SKULE

Viser til Kommunal plan for overgang mellom barnehage og skule. Begge planar skal presenterast på foreldremøte i barnehagen om hausten.

1. Opplegget rundt førskulegruppa i barnehagen siste barnehageåret.

- a. Barnehagane: kallar gruppa for 5/6 års klubb. Det er klubb ein fast dag i veka, kor innhaldet er utarbeida i fellesskap mellom pedagogane på storbarn. Den pedagogiske plana for klubben vert delt med Helland skule/klassekontaktane mot slutten av barnehageåret.
- b. Felles barnehagetreff i mai/juni der begge barnehagane møtast med sine skulestartarar for å bli betre kjent.

2. Arbeidet med grunnleggjande ferdigheiter i barnehagane.

- a. Dette gjer vi ved å tilby dei eldste barna alderstilpassa aktiviteter som innbyr til leikebasert læring med fokus på sosial kompetanse, sjølvregulering, matematikk og språk. Vi vil også gi borna ei felles kunnskapsmessig plattform innan ulike temaer dei vil møte i skulen gjennom mange praktiske oppgåver. I tillegg til dei faglege måla vil klubben også legge vekt på utvikle evna til konsentrasjon, sjølvstendigheit og å kunne ta og følgje opp beskjedar.

3. Tilvenning/besøksdagar på skulen og SFO

- a. Besøksdag på SFO i haustferien.
- b. Besøksdag på SFO i mai kor føresette følgjer barna.

4. Innskriving/førskuledag ved Helland skule tidleg mai månad.

- a. Invitasjon blir sendt ut til foreldre som har barn registrert i folkeregisteret til Helland skule sin skulekrins. Barnehagane sender med personale til den skulen barnehagen soknar til. Dei barna som evt. skal starte ved ein annan skule må ha følgje av føresette.

5. Markering av barnehageavslutninga.

- a. Helland barnehage: Klubben har eigen avslutningstur ilag i juni. Føresette får vere med på markering av barnehageavslutninga på sommarfesten, kor klubbane har eit eige songinnslag og får utdelt permane sine og ei rose kvar.
- b. Tryggheim barnehage: Klubben har avslutningstur i lag i mai/ juni og overnattar ei natt i barnehagen i juni. I tillegg vert det gjort litt ekstra stas på dei som skal over i skulen når barnehagen har "barnehagekveld" i mai/ juni. Då får dei eit gratis abonnement på nettstaden "Superblink" - ei gåve frå den lokale misjonsforeininga.

6. Foreldreinformasjon.

- a. Barnehagane: Planane «kommunal plan for overgang mellom barnehage og skule» og «lokal plan for overgang barnehage og skule» vert lagt fram for føresette på foreldremøte om hausten. Viser elles til heimesida til Vestnes kommune der foreldre kan finne nyttig informasjon om Helland barnehage

<https://www.vestnes.kommune.no/tenester/barnehage/> og Tryggheim barnehage
<http://tryggheim-vestnes.barnehage.no/>

- b. Helland skule: Foreldremøte mars måned informasjon om skulen. Viser elles til heimesida til Vestnes kommune der foreldre kan finne nyttig informasjon om skulen <https://www.vestnes.kommune.no/tenester/skule-og-utdanning/>

7. Overføringssamtale mellom barnehagane og skule

- a. Barnehagane: I forkant av samtalen har pedagogane foreldresamtale med føresette der dei skriv under på samtykke om kva som skal takast opp på overføringsmøte. Tema for samtalen er utarbeidd i samarbeid med Helland skule for å sikre barnet ein trygg og god overgang frå barnehagane og over til Helland skule.
- b. Ved evt. overføringssamtale med skular som barnehagane ikkje soknar til, vert det ved behov gjennomført telefonsamtale.